



CD

Ståle Kleiberg

«Treble & Bass»

Med Trondheim Symfoniorkester, Daniel Reuss (dirigent), Marianne Thorsen (fiolin), Göran Sjölin (kontrabass)

2L

Bass og diskant

Tittelen «Treble & Bass» spelar på ytterpunkt. Først og fremst i registermessig avstand sidan der er to konsertar på denne plata; ein for fiolin og ein for kontrabass. Men òg internt i komposisjonane – og særleg i stykket for kontrabass – ligg ein slik dualitet latent: Komponisten utnyttar heile registret, og let instrumenta få spela mot topp og mot botn.

Dei to verka er tinga og framført av 100 år gamle Trondheim Symfoniorkester, som lenge har arbeida tett med komponisten. Ståle Kleiberg (1958) er truleg aller mest kjend for sitt «Requiem» til minne om ofrane for nazistregimet. Sistnemnde er framført mykje utanfor landegrensene, og kan henda er denne stadig aktuelle tematikken ei årsak til at «Requiem» så breidt har blitt kjend.

Ein anna kan vera at musikken til Kleiberg er enkelt tilgjengeleg. Som påpeikt i coveret; Kleiberg er ingen slave av moten. Snarare finn han tilknytting til tidlegare symfoniske meistarar; han skriv seg inn i eit romantisk tonespråk, og lukkast definitivt godt med dette.

Personleg kunne eg ynskt meg ein musikk som var meir hans eigen; som hakket mindre krinsakring stilstudier og som hakket meir var motstandsfyld. Særleg gjeld dette kontrabasskonserten, komponert i 1999, og som trass i solisten Göran Sjölin sin solide innsats ofte kling hul og rå, tidvis godmodig og tung.

Betre likar eg fiolinkonserten frå 2005. Fiolinist Marianne Thorsen lukkast lekkert med å forma ei rekkje av emosjonar, der mykje har utspel i dramatisk lidenskap – og med kaskadar av klang som akkompagnement i verkets andre sats. Den gode instrumentasjonen, dei fyldige akkordane, dei vakre motstemmene; alt er inntrengjande romantisk, med mykje vakker klang. Men godt handverk til trass – denne plata er ikkje mellom dei mest spanande eg har høyrte i år.

**IDA
HABBESTAD**

